



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/3088 - 23/34313

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
04.05.2023

Forberedende klagebehandling - gbnr 99/4 Våge (Vågseidet)

Saka gjeld

Det er i klage datert 06.11.2022 vist til at avslag på søknad om igangsetting vart gjeve om lag sju veker etter at lovpålagt frist for sakshandsaming gjekk ut, og at gebyr dermed ikkje skal betalast.

Det er òg klaga på avslag på søknad om igangsetting. Denne er handsama i eiga klagehandsaming. Det er klage på gebyr som vert tatt til vurdering i denne omgang.

Vurdering:

Det er vurdert at klaga er fremja av ein part i saka, og at den er retta mot eit enkeltvedtak jf. fvl.§2 bokstav b) og e), ettersom det er vist til kommunen si vurdering av sakshandsamingsfrist og eventuelt grunnlag for bortfall av gebyr.

Eventuelle bortfall eller reduksjonar av gebyr må som utgangspunkt ha haldepunkt i byggesaksforskrifta (SAK10) §7-6. Det går fram av SAK10 §7-6 at det er grunnlag for reduksjon av gebyr der tidsfrist i SAK10 §7-4 bokstav a) eller pbl.§21-7 første eller fjerde ledd er broten.

Det er her klaga på gebyr for avslag på igangsettingsløyve. Tidsfrist for søknad om igangsetting er tre veker, og følgjer av pbl.§21-7 sjetste ledd. Brot på tidsfrist for søknad om igangsetting er følgeleg ikkje vurdert å gje grunnlag for bortfall eller reduksjon av gebyr etter SAK10 §7-6.

Sjå her for gebyrregulativ frå 2022:

<https://www.alver.kommune.no/contentassets/b6514d9b90aa4e409d0bf52d2e79f39c/gebyrregulativ-2022---kommunestyret-sitt-vedtak-oppdateret-10.03.2022.pdf>

Alver kommune kan ikkje sjå at det har kome inn nye moment i klagen som tilseier ei anna vurdering for fastsetting av gebyr i saka.

Klagen vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Med venleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på avslag om igangsettingstillatelse for deler av tiltak - minirenseanlegg og rør i grunn - gbnr 99/4 Våge

Klage på tilsendt faktura - gbnr 99/4 Våge

Klage på avslag av igangsetjingsløyve - grunnarbeid - gbnr 99/4 Våge

Fakturagrunnlag - gbnr 99/4 Våge (Vågseidet)

Avslag på søknad om igangsetjingsløyve for delar av tiltaket: minireinseanlegg med røyr i grunn - gbnr 99/4 Våge (Vågseidet)

Gjelder søknad om igangsetjingsløyve etter at tiltak er utført - gbnr 99/4 Våge

Gbnr 99/4 Søknad om igangsetjingsløyve etter at tiltak er utført

Foto av nedgravd tank

Søknad om igangsetjingsløyve - gbnr 99/4 Våge - minirenseanlegg graving av rør i grunn

Søknad om igangsettingstillatelse

Vedlegg G1

Vedlegg G2

Purrer på svar på søknad om igangsettingstillatelse - gbnr 99/4 Våge (Vågseidet)

Byggesak GBNR 99/4 Våge (Vågseidet) - nytt våningshus, garasje med kårhusdel og sauehus, riving av våningshus og driftsbygg

Kopi til:

Judith Eikevik

Kollåsen 54

5116

ULSET

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER